

Tilskotsordning for opplæring i norsk for voksne personar med kollektiv beskyttelse for 2023

1. Innleiing

Rundskrivet er utarbeidd av Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) og er basert på retningslinjene for tilskotsordninga på kap. 672, post 60, fastsette av Arbeids- og inkluderingsdepartementet 12.01.2023, i samsvar med § 8 i *Reglement for økonomistyring i staten* og kapittel 6 i *Bestemmelser om økonomistyring i staten*.

Tilskotsordninga består av persontilskot, tilskot til utvida norskopplæring og grunntilskot.

IMDi er ansvarleg for å forvalte tilskotsordninga.

2. Mål og målgruppe for tilskotsordninga

Formålet med persontilskotet og tilskotet for utvida opplæring er at kommunane og fylkeskommunane kan tilby opplæring i norsk til fordrevne frå Ukraina som ønskjer ei slik opplæring, etter integreringslova kapittel 6A og etter integreringsforskrifta kapittel 8A. Tilskota skal også gå til å gjennomføre prøver i norsk etter integreringslova § 37 d.

Målet med grunntilskotet er å betre dei økonomiske rammevilkåra for små og mellomstore kommunar når det gjeld opplæring i norsk.

Tilskotsmottakarar for persontilskotet og tilskot for utvida opplæring er kommunar og/eller fylkeskommunar, avhengig av kven som gjennomfører opplæringa.¹ Tilskotsmottakar for grunntilskot er kommunar.

2.1 Målgruppe

Personar mellom 18 og 67 år som har fått opphaldsløyve etter utlendingslova § 34, har rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring i norsk, jf. integreringslova § 37 d. Kommunar og fylkeskommunar kan gi utvida norskopplæring til deltakara som omfattast av integreringslova § 37 d som har behov det for å oppnå eit minimumsnivå i norsk, jf. § 27 og § 28.

3. Kriterium for måloppnåing

Fordrevne frå Ukraina som har rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring i norsk, bør oppnå eit minimumsnivå i norsk. Kommunen skal, samtidig som det blir gjort vedtak om opplæring, utarbeide ein norskplan. Denne planen skal innehalde norskmålet for deltakaren.

¹ Jf. integreringslova § 30.

4. Tildelingskriterium

Dette punktet handlar om vilkår, berekningsreglar og informasjon om utbetaling av persontilskot og utvida norskopplæring (4.1) og grunntilskot (4.2).

4.1 Persontilskot

4.1.1 *Vilkår for å få støtte*

Basert på data i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) blir tilskotet utbetalt automatisk til tilskotsmottakarane.

Kommunen må registrere vedtak om opplæring i norsk i NIR for at tilskot skal bli utbetalt. Kommunen må registrere i NIR dei deltakarane som får norskopplæring i vidaregåande skole, for at tilskotet for desse deltakarane skal bli utbetalt til fylkeskommunen.

Dersom kommunen allereie har gjort vedtak om opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter kapittel 6 i integreringslova, før integreringslova kapittel 6A tredde i kraft 15. juni, skal det gjerast nye vedtak etter integreringslova kapittel 6A, jf. § 1 i overgangsreglar om integreringslova kapittel 6A. Det tidlegare vedtaket fell bort.

4.1.2 *Berekningsreglar*

Retten til opplæring i norsk gjeld i eit år frå oppstartstidspunktet for opplæringa. Personen må vere busett etter avtale med kommunen og integreringsmyndighetene for å ha rett til opplæring. Persontilskotet for opplæring etter § 37 d i integreringslova er eittårig, og heile tilskotet blir utbetalt.

For personar med behov for utvida opplæring kan kommunen innvilge inntil 6 månader utvida norskopplæring for personar som har vidaregåande nivå eller høgare frå før, slik at samla opplæring blir 18 månader.

For personer som ikkje har utdanning på vidaregåande nivå frå før, kan kommunen innvilge utvida norskopplæring med seks månader av gangen i inntil to år, slik at de til saman kan få inntil tre år norskopplæring.

4.1.3 *Utbetaling av persontilskot § 37 d og tilskot for utvida norskopplæring*

For personar med oppstartstidspunkt for opplæringa i 2023 utbetalast tilskot tidlegast i kvartalet etter at ein person har komme inn i målgruppa og kommunen har registrert opplæringsvedtak eller vedtak om utvida opplæring i NIR.

For personar som er i målgruppa, blir tilskotet utbetalt til bustadkommunen. Det er den folkeregistrerte adressa til ein person som er styrande for kva kommune som blir rekna som bustadkommune. For personar som deltar i vidaregåande opplæring på fulltid, blir tilskotet for perioden utbetalt til fylkeskommunen. Kommunen må registrere i NIR dei deltakarane som får norskopplæring i vidaregåande skole, for at tilskot for desse deltakarane skal bli utbetalt til fylkeskommunen.

SATSAR FOR PERSONTILSKOT § 37 D OG UTVIDA NORSKOPPLÆRING § 43 G FOR 2023

Tilskotsår	Sats
Persontilskot § 37 d	46 400 kroner
Utvida norskopplæring § 43 g	27 450 kroner

UTBETALING AV PERSONTILSKOT § 37 D I 2023

Tilskotsår	Tentativ utbetalingsdato*	Utbetalings gjeld
Persontilskot § 37 d	Veke 21	Nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.01.23–31.03.23
	Veke 33	Nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.04.23–30.06.23
	Oktober 2023	Nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.07.23–30.09.23
	Desember 2023	Nye personar i målgruppa som er registrerte med vedtak om opplæring i NIR for perioden 01.10.23–31.12.23

*Endringar kan førekomme, sjå IMDi.no.

Etter utbetalinga av tilskot sender IMDi tilskotsbrev til det elektroniske postmottaket hos tilskotsmottakaren. Kommunen kan også sjå detaljerte opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

For tilskot som utbetalast etter uke 33 vil utbetalingsgrunnlag leggast tilgjengeleg for kommunar og fylkeskommunar i IMDi Tilskudd med detaljerte opplysningar om utbetalt tilskot.

4.1.5 Opplæring skjer hos ein annan kommune enn bustadkommunen

Ein person kan få opplæring i norsk i ein annan kommune enn bustadkommunen. Ansvar for å treffe vedtak om og sørgje for opplæring, ligg hos kommunen der personen er folkeregistrert.² Tilskotet utbetalast til bustadkommunen. Det er opp til kommunane å avgjere korleis tilskotet skal fordelast seg imellom.

4.1.6 Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom ein person i målgruppa flyttar mellom kommunar, må personen melde frå om flyttinga til Skatteetaten for at adressa skal bli oppdatert i Folkeregisteret. Tilskotet blir då delt mellom til- og fråflyttingskommunen med utgangspunkt i informasjonen frå Folkeregisteret. Personen har plikt til å melde frå om denne adresseendringa innan åtte dagar etter flyttinga.³

² Jf. Integreringslova § 30

³ Jf. folkeregistreringslova § 6-1.

Dersom ein person flyttar etter påbegynt opplæring, blir tilskotet delt mellom til- og fråflyttingskommunen, basert på antal dagar personen har hatt bustadadresse i kommunen. Formelen nedanfor viser berekninga av tilskot til kommune x:

$$\text{Tilskot til kommune } x = \text{Sats for tilskotsår} \times \frac{\text{Antal butidsdagar i kommune } X}{365 \text{ dagar}}$$

Tilskot til utvida norskopplæring korrigerast ikkje ved flytting.

4.1.7 Deling av tilskot mellom kommune og fylkeskommune

Fylkeskommunen skal sørge for opplæring av personar i målgruppa som deltar på fulltid i vidaregåande opplæring etter opplæringslova.⁴ Deling av persontilskot mellom kommune og fylkeskommune vil skje på bakgrunn av kven som er ansvarleg for opplæringa. Av § 30 går det fram at det er kommunen som er ansvarleg for å gjere vedtak for målgruppa, uavhengig av kven som er ansvarleg for opplæringa, som nemnt i 4.1.1. Kommunen skal også registrere i NIR kva fylkeskommune opplæringa skjer i, for at delinga av tilskotet skal skje automatisk.

Formelen under viser berekninga av tilskot til fylkeskommunane for tilskotsår \dot{t} :

$$\text{Tilskot til fylkeskommune } X = \text{Sats for tilskotsår} \times \frac{\text{Antal dagar i fulltids vidaregåande skole i tilskotsperioden}}{365 \text{ dagar}}$$

Tilskot til utvida norskopplæring korrigerast ikkje ved flytting.

4.1.8 Tilskot ved utreise og tilskot ved tilbakekomst til landet

Dersom ein person i målgruppa flyttar frå landet, beheld kommunen framleis tilskotet dei har krav på.

4.1.9 Tilskot ved dødsfall

Ved dødsfall beheld kommunen heile tilskotet som er utbetalt i dødsåret.

4.2 Grunntilskot

4.2.1 Vilkår for tildeling

Basert på data i NIR blir tilskotet utbetalt automatisk til kommunane.

4.2.2 Det er den folkeregistrerte adressa til den enkelte personen som bestemmer kva som er bustadkommunen. Berekningsreglar

Inngangen til målgruppa er tidspunktet for busetjing etter avtale som gir rett, men ikkje plikt, til å delta i opplæring i norsk etter § 37 d i integreringslova.

Personar som er omfatta av § 37 d, er med i berekninga av grunntilskot i eitt år.

Det er ikkje krav om at eit vedtak må vere registrert for å inngå i berekningsgrunnlaget for grunntilskot.

⁴ Jf. integreringslova § 30.

4.2.3 Utbetaling av grunntilskot

Kommunar med 1-150 personar i målgruppa per 15. januar, får utbetalt grunntilskot. Utbetalinga skjer årleg og vil i 2023 bli utbetalt i veke 3. Grunntilskotet har to satsar – éin høg sats som blir utbetalt til kommunar med 4–150 personar i målgruppa, og éin låg sats som blir utbetalt til kommunar med 1–3 personar i målgruppa. Målgruppa utgjer summen av deltakarar etter begge lovverka. Sjå tabellen under for årets satsar.

SATSAR FOR GRUNNTILSKOT FOR 2023

Tilskotsår	Låg sats	Høg sats
Grunntilskot	224 100 kroner	665 300 kroner

Etter utbetalinga av tilskot sender IMDi tilskotsbrev til det elektroniske postmottaket i kommunen. Kommunen kan også sjå detaljerte opplysningar om utbetalt tilskot i NIR.

5. Oppfølging og kontroll

Opplysningar som er nødvendige for å gjennomføre, følgje opp og evaluere opplæring i norsk i samsvar med integreringslova, skal registrerast av kommunen i NIR.⁵ I tilhøyrande forskrifter er det fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere. Kommunen skal registrere desse opplysningane innan to månader.

Kommunen skal ikkje legge fram ein særskild rekneskap for tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Dersom kommunen gjennomfører opplæringa til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har mottatt, kan kommunen behalde tilskotet.

IMDi og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir brukte etter føresetnadane.^{6 7}

6. Feilaktige utbetalingar

Dersom ein kommune har fått utbetalt for mykje i tilskot, kan IMDi krevje tilbakebetalt det overskytande beløpet i tråd med ulovfesta reglar om *condictio indebiti*. IMDi har rett til å motrekne det overskytande beløpet med nye utbetalingar av tilskot til kommunen.

7. Klagereglar

IMDis tildeling av tilskot etter denne tilskotsordninga er ikkje å rekne som enkeltvedtak⁸. Det vil seie at reglane i forvaltningslova kapittel IV til VI ikkje kjem til bruk.⁹ Kommunane og fylkeskommunane har derfor ikkje klagerett. Elles gjeld reglane i forvaltningslova, for eksempel reglane om habilitet og alminnelege reglar om saksbehandling.

8. Foreldingsfrist

Når eit tilskotskrav er forelda, taper kommunen retten til å krevje tilskotet utbetalt.¹⁰ Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje å få tilskotet utbetalt.¹¹

⁵ Jf. integreringslova § 43.

⁶ Jf. løyvingreglementet § 10 andre ledd.

⁷ Jf. riksrevisjonslova § 12 tredje ledd.

⁸ Jf. forvaltningslova § 2

⁹ Jf. forvaltningslova § 3

¹⁰ Jf. foreldingslova § 24.

¹¹ Jf. foreldingslova §§ 2 og 3 nr. 1.

Dersom IMDi har eit forelda tilbakebetalingskrav mot kommunen, vil det forelda kravet kunne motreknast med nye utbetalingar.¹²

9. Kontakt IMDi

Dersom ein tilskotsmottakar meiner å ha krav på tilskot som ikkje er utbetalt, kan tilskotsmottakaren melde frå om dette til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett. Fylkeskommunar må vende seg til bustadkommunen til deltakaren dersom dei meiner å ha krav på tilskot som dei ikkje har fått.

Eventuelle spørsmål kan meldast til IMDi i supportsystemet [Kontaktsenter for IMDinett](#).

¹² Jf. foreldingslova § 26 bokstav b.